

## Minst seks laksar på over fem kilo teke i år



Ørnulf Myklebust med måndagens fangst på 5,3 kilo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Måndag føremiddag fekk Ørnulf Myklebust (tidlegare uskedeling, no busett i Danmark) ein laks på 5,3 kilo i Djupehølen ved Feet i Uskedalselva. Dermed er det, så langt uskedalen.no kjenner til, teke seks laksar på over fem kilo i elva denne sesongen. Det eigentlege talet på fanga storlaksar i år er nok større.**

Oppsynsmann og veteranfiskar Arne Terje Haugland karakteriserar sesongen som "nokså brukbar" med omsyn til laksefangstar knappe to veker før det er slutt den 15. september.

Kva auren angår, fekk fiskesesongen ein dårleg start på grunn av lita vassføring og fangstane så langt gjev ikkje det rette bilete av aurebestanden, meiner Arne Terje. Men har gler seg over ei melding om at det vart teke ein regnbogeaure på halvannen kilo før helga. Aurefangstane har teke seg noko opp etterkvart og han har også sett ein god del aure i elva.

- Det er teke ein god del laks, men kor mange veit eg ikkje før det har gått ei veke etter sesongslutt, seier oppsynsmannen. Han kjenner til at Sigve Solheim frå Sunde fekk fire på to dagar og at alle var mellom fire og fem kilo.

Rekordfisker i år er framleis den til bergensaren Leif Magne Jordal på 10,22 kilo og deretter kjem ein laks på 8,5 kilo.

Sjølv har Arne Terje notert seg for ein på 6,2 kilo denne sesongen, medan Ivar Kåre Døssland har fått ein på 5,9 og Tore Mackay ein på 5,5. Årets største fisk er merkeleg nok eksakt like stor som den største i fjor!

Når det gjeld rekrutteringa av laks, sleg Arne Terje fast at det er "enormt mykje" årsgammal lakseyngel i vassdraget. Han har sjølv fått atskillige eksemplar av den på kroken og er ikkje i tvil om at lakseyngelen no er i fleirtal.

Ellers er det grunn til å merkje seg at grunn- og elveeigarlaget stadig er i gang med betre tilrettelegging for fiskarane langs elva. For få dagar sidan er det sett opp fleire skilt som viser til høvelege parkeringsplassar, til dømes ved Storebru, Heiabrua, Djupehølen og Nedre Døssland. Men Arne Terje strekar under at fiskarane ikkje må køyra ned og parkera på plassen der Festidalen blir halde. Den er ikkje berekna for fiskarar.

Når det gjeld måndagens gladaste fiskar Ørnulf Myklebust har han vore i elva denne helga saman med to arbeidskameratar frå Horsensområdet i Danmark , Carsten Bleiken og Simon Dengsøe. Dei er storfornøgde når dei no reiser heim. Ikkje berre fekk Ørnulf den vaksne laksen, Carsten fekk også ein regnbogeare på halvannen kilo og i tillegg vart det ein fangst på minst 25 makrellar og to lyrar i fjorden.

Ingen tvil om at dei kjem attende, og då står også Mannsvatnet for tur!

Av Ola Matti Mathisen



Fornøgd dansk/norsk fiskertrio: Frå venstre sit Carsten Bleiken, Ørnulf Myklebust og Simon Dengsøe. (Foto: Ola Matti Mathisen)